

Saksbehandlar: Lena Merete Söderholm
Avdeling: Næringsavdelinga
Sak nr.: 12/9371-2

Høyring - Forslag til endringar i reglane om eigarkontroll i lakseoppdrettsnæringa

⋮ Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune går imot endringane i akvakulturlova §§ 7 og 34, og vil oppretthalda grensa på maksimalt 25 % når det gjeld eigarskap til løyve for oppdrett av matfisk av laks og aure i sjø.

⋮ Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- 1 Høyringsinnspel «Forslag til endringer i akvakulturloven» (19.12.2012).

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Fiskeri- og Kystdepartementet har sendt på høyring eit forslag om endring i akvakulturlova §§ 7 og 34. Endringsforslaget vil legge til rette for endring av reglane om eigarkontroll i lakseoppdrettsnæringa. Regjeringa ynskjer i ny forskrift om eigarkontroll at det vert stilt krav om regional forankring og auka grad av foredling lokalt overfor dei større verksemdene i næringa. Eventuell ny forskrift vil kome på høyring våren 2013.

Historikk - tidlegare vedtak

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ved ei rekke høve peika på at den eigarstrukturen vi i dag har i fylket (med om lag 50 % av lokalitetane forvalta av lokale eigarar), er noko vi ynskjer og oppretthalde. I Fylkesplanen 2005-2008 "*Vegen vidare for Sogn og Fjordane - Mål og Strategiar*" er det presisert at det er avgjerande med lokalt og regionalt eigarskap som kan utnytte "den regionale kapabiliteten". Dette er også peika på i vedtaket til høyring av ny akvakulturlov i 2005 (HPN 01/05) og seinare m.a. i «Handlingsplan for havbruk og fiskeri 2009» og «FoU - regionale strategiar for næringsutvikling» frå 2009.

Problemanalyse

Den som skal drive havbruksverksemd i Noreg, må ha løyve (konsesjon) tildelt med heimel i akvakulturlova. I *forskrift 22. desember 2004 nr. 1800 om kontroll med eiermessige endringer i selskap m.v. som innehar tillatelse til oppdrett av matfisk til laks og ørret i sjø (eierkontrollforskriften)* er det fastsett at det ikkje er tillate å kontrollere meir enn 25 % av produksjonsbiomassen i Norge.

Eigarskap som fører til kontroll med meir enn 15 % av produksjonsbiomassen, må få løyve frå Fiskeri- og kystdepartementet. I dag er det berre eitt selskap som har søkt og fått løyve til meir enn 15 % eigarskap til produksjonsbiomassen.

I juli fekk Fiskeri- og kystdepartementet eit opningsbrev frå ESA som meiner at eigarkontrollforskrifta i dag er i strid mot Noreg sine forpliktingar etter EØS-avtala.

Regjeringa ynskjer no å endre dette regelverket, men vil samstundes stille klarare krav til selskapa for å styrke verdiskapinga i distrikta.

Eigarkontrollforskrifta kan ikkje endrast utan først å gjere endringar i akvakulturlova. Det er dette som er føremålet med utspelet frå departementet.

1. Vurdering og konsekvensar

Departementet tek sikte på å utforme nye reglar i ei forskrift som skal regulere kor stor del av produksjonskapasiteten i lakseoppdrettsnæringa eit føretak kan kontrollere. Dei ynskjer å sette vilkår m.a. til grad av bearbeiding i eit kystdistrikt, krav til FoU, og trainee- og lærlingplasser. Desse krava skal bli strengare jo meir eit føretak eig. Det vert også lagt opp til spreining av føretaket sine aktivitetar, t.d. at selskapet skal ha minst eitt større aktivitetssenter i kvar akvakulturregion føretaket har akvakulturverksemd.

Sogn og Fjordane har om lag 10 % av den totale produksjonen av laks og regnbogaure i Noreg. I fylket er det i dag ein stor aktør (Marine Harvest Norway AS) som eig om lag 50 % av konsesjonane og dermed også om lag 50 % av total biomasse. Denne fisken vert i all hovudsak slakta på Sunnmøre. Dei lokale eigarane leverer i stor grad fisken til dei lokale slakteria i fylket. Fylket har tre lakseslakteri: to i Gulen og eitt i Flora.

Dei seinare åra har det vore ei sterk konsolidering i laksenæringa, og vi har fått færre og større eigarar. Sogn og Fjordane er vel truleg det fylket i landet som har høgast del av lokalt eigarskap i sine akvakulturløyve. Økonomiske undersøkingar publisert i fagtidsskriftet «*Norsk akvakultur*» syner at desse selskapa kjem godt ut m.o.t. eigenkapital. Vi har gode dømer på at lokal tilknytning i deler av fylket har resultert i at bedriftene tek eit tydeleg samfunnsansvar. Likeeins vil eit mangfald av aktørar innan næringa også kunne bidra til auka kreativitet i å finne løysingar på utfordringar næringa står overfor i dag. Aktørar frå Sogn og Fjordane har utvikla nye konsept på lukka oppdrettsanlegg, flytande flåtar for avfallshandsaming og landbaserte anlegg for stamfisk av laks og aure for å nemne nokre døme.

Også Fiskeriministeren har ved fleire høve tala varmt om at vi treng mangfald i næringa. Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer og halde på strukturen med relativt stor del av lokal eigarskap fylket og er redd for at ei endring i eigarskapsstrukturen vil føre til ei sentralisering der vår lakseoppdrettsnæring kjem dårleg ut.

I dag har vi her i fylket eit godt utbygd tilbod om lærlingplassar innan akvakultur, basert på eit samarbeid mellom «små og mellomstore» akvakulturbedrifter (Salmon Group, tidlegare «Havdyrkerene»). Dei siste åra har det ikkje vore søkjarar nok til å fylle desse plassane, noko som har samband med at det ikkje er nok elevar som tek vidaregåande opplæring (som igjen fører fram til fagprøva innan akvakultur). Ei ny forskrift som legg vekt på auka tal læreplassar vil såleis ikkje ha stor effekt før ein får opp søkjarmassen til «blå line» ved vidaregåande skuler monaleg.

Ei plikt til spreining av aktiviteten til føretaket, slik departementet ser føre seg, treng ikkje bidra til auka aktivitet i vårt fylke, då vi utgjer ein felles region med Hordaland. Slik kan selskapa «kome unna» med å vise til at krav for «aktivitetssenter» er oppfylt i nabofylket!

Firda Sjøfarmer v/Ola Braanaas uttalte på *Intrafish* 28.12.2012 følgjande om lovendringa; «Kysten er en gullgruve med enormt potensial. Nå risikerer vi at laksenæringen samles på veldig få hender.» Braanaas seier vidare i sin uttale at han saknar engasjement for å få EU til å godta dei norske eigarskapsavgrensingane. Han gjer vidare eit poeng ut av at Fiskeri- og kystdepartementet sjølv føreslår å oppheve taket før ESA har gjort si endelege konklusjon.

I samband med ny stortingsmelding om sjømat som kjem seinare i år, er det forventa retningslinjer for arealstruktur for havbruksnæringa. Dette som ei oppfølging og konklusjon på høyringa «*Effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringen: Areal til begjær*» (Gullestadutvalet). Kampen om lokalitetar er reell og ein flaskehals for vidare vekst for lakse- og aurenæringa. Det *kan vere* slik at små og mellomstore aktørar kan bli for «veike» i kampen om framtidig areal dersom motstandaren vert for mektig. Endringar i eigarstrukturen kan difor også slå inn her. I tillegg registrerer vi at mange kommunar frå sør til nord vegrar seg for å legge ut areal til akvakulturføremål i sine planar, fordi dei ikkje føler at dei får «noko att» i form av arbeidsplassar og inntekter. Dette vil i alle fall ikkje blir betre ved at ein legg til rette for større «nasjonale» selskap med svekka lokal tilknytning.

3. Konklusjon/tilråding

Mangfald og lokal tilknytning er viktig for vidare vekst i laksenæringa og for Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane fylkeskommune frykter at ei forskrift om endring i eigarskapsstrukturen kan slå negativt ut for bedriftene og kommunane i fylke. Av denne grunn går vi imot dei føreslegne endringane i akvakulturlova.

... Sett inn saksutredningen over denne linja [↑](#)